



# Høyanger kommune

## Møtebok

**Arkiv:** FE-231, FA-C84  
**JournalpostID:** 20/2040  
**Sakshandsamar:** Jorunn Flæthe

Saknr. utval	Utval	Møtedato
004/20	Formannskap	03.03.2020
027/20	Kommunestyre	12.03.2020

## Festeavgift i Høyanger kommune

### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek i samsvar med Høyanger kyrkjelege fellesråd sitt vedtak i sak 003/20 at festeavgiftene på gravplassane og kyrkjegardane i kommunen blir sett til kr. 300 frå 01.01.2020.

### 03.03.2020 Formannskap

#### Handsaming:

#### FS-004/20 VEDTAK:

- samr.:

Kommunestyret vedtek i samsvar med Høyanger kyrkjelege fellesråd sitt vedtak i sak 003/20 at festeavgiftene på gravplassane og kyrkjegardane i kommunen blir sett til kr. 300 frå 01.01.2020.

### 12.03.2020 Kommunestyre

#### Handsaming:

#### KS-027/20 VEDTAK:

- samr.:

Kommunestyret vedtek i samsvar med Høyanger kyrkjelege fellesråd sitt vedtak i sak 003/20 at festeavgiftene på gravplassane og kyrkjegardane i kommunen blir sett til kr. 300 frå 01.01.2020.

## **Saksutgreiing:**

### **Bakgrunn**

Høyanger kommune har motteke brev frå Høyanger kyrkjelege fellesråd, datert 13.02.2020 der dei ber kommunen oppjustere festeavgiftene på gravplassane/kyrkjegardane i kommunen frå kr. 200 til kr 300. Festeavgiftene vart sist justert frå 01.01.2016.

Fellesrådet sin motivasjon for å auke inntektene og festeavgiftene er å møte forventa framtidige driftsutfordringar, jfr. vedlegg.

### **Vurdering**

I samsvar med § 21 i gravferdslova er det Høyanger kommune som fastset festeavgifta for gravplassane/kyrkjegardane i kommunen.

I paragraf 21 i gravferdslova står det blant anna:

*«Avgifter for bruk av gravkapell, kremasjon og feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra fellesrådet.»*

Utifrå § 3 i gravferdslova er Høyanger kyrkjelege fellesråd tillagt ansvar for å forvalte gravplassane og kyrkjegardane i kommunen. I denne paragrafen står det og at *«Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra fellesrådet.»*

Med bakgrunn i at fellesrådet er tillagt driftsansvaret for gravplassane og kyrkjegardane, vurderer rådmannen det slik at fellesrådet har gjort ei høveleg vurdering av kva som er best for drifta til fellesrådet.

### **Rådmannen sin konklusjon**

Rådmannen ber kommunestyret å følgje Høyanger kyrkjeleg fellesråd sitt forslag om å auke festeavgiftene frå kr. 200 pr år i 2016 til kr. 300 pr år frå 01.10.2020.